

Stabilt folketal i Uskedalen - til så lenge.

18.02.2020



Del av sentrum i Uskedalen med caming, båthamner, handel, kultur, skule og bustader.

Det har dei siste åra vore eit stabilt folketal i Uskedalen. Tala for 2019 syner at bygda har ein tilbakegang på 3 personar. I 2018 auka folketalet med det same talet. Med dette er det samla folketalet på 1049 det same som for to år sidan. Toppen hadde Uskedalen i 2017 med 1074 innbyggjarar. Frå 1960 til 2019 har folketalet auka frå 780 til 1049.

Det er mange faktorar som spelar inn på folketalsutviklinga i ei bygd, som til dømes:

- Elevtalsutvikling/ fødselstal
- Bustadbygging og tilgang på tilrettelade bustadfelt
- Næringsutvikling/ areids plassar
- Infrastruktur med vegar, gang- og sykkelveggar, busslommer m.m.
- Kulturtilbod/ trivsel og sosiale relasjonar

Prognosar for elevtalet syner ein nedgang frå 102 elevar i 2019/2020 til 68 elevar i 2014/2025, ein reduksjon på heile 34 elevar. Berre Undarheim skule har større nedgang. Omvikdalen skule har i same perioden ein nedgang på 2 elevar, Bringedalsbygda har ein nedgang på 10 elevar.



Det vart ferdigstillt to hus i Ospelunden 2019. Talet vil auka i 2020.

Talet born og ungdom frå 0 til 19 år dei to siste åra syner ein nedgang frå 266 til 257. Nedgang i fødselstala er ein nasjonal trend og er såleis ikkje særlege for Kvinnherad og Uskedalen. Fødselsoverskot er likevel viktig for vekst og utvikling i ei bygd.



Ein ferdig reguleringsplan for Børnes Næringsområde kan skapa ny aktivitet og nye arbeidsplassar.

Byggesakskontoret i kommunen har ikkje oversikt over talet ferdigstilte og innflytta hus for 2019. Slik statistikk føreligg ikkje. Oddbjørn Kroka fortel til Uskedalen.no at i Ospelunden vart det ferdigstillt to hus i 2019. Talet vil auka i 2020.

Med omsyn til arbeidsplassar veit vi at det er framgang og optimisme i landbruket med nybygg, overgang til lausdrift og nydyrking. SELSTAD si verksemd på Eidsvik driv godt og treng arbeidskraft. Ein ferdig

reguleringsplan på Børnes Næringsområde vil føra til auka aktivitet og dermed fleire arbeidsplassar.

Gang- og sykkelveg frå Uskedal bru til Steinsletto/Børnes vil vera ein avgjerande faktor for å skapa interesse for busetnad og næringsutvikling på denne strekninga.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut A. Myklebust/ Kristian Bringedal - arkivfoto